



Prakt-eksemplar i Kjærlandslia. Han fekk leva! (Foto: Ståle Eik).

Det milde veret har lagt ein dempar på hjortejakta i visse delar av Uskedalen i haust fordi hjorten har trukke oppover mot fjellet. I andre delar har jakt-utbyttet vore betre. Jakta sluttar 15. november.

-På Fet og Døssland er vi halvvegs, vi har så langt felt 10 av 21 hjortar, fortel Hallvard Døssland til uskedalen.no. I einskilde tidlegare år har det vorte kjøligare før slik at hjorten har søkt lenger ned mot bygda. Då har utbyttet vorte mykje større tidlegare på hausten.

Men Døssland vil likevel kalla jakt-utbyttet normalt i år og går ut frå at hjorten kjem nærmare bygda når det no blir kaldare i veret.

- Vi har ikkje anstrengt oss spesielt mykje for å komma opp til hjorten der han står, seier Døssland.

Tormod Myklebust, som svarar for Kjærland, Myklebust og Ytre Rød, fortel at dei er i ferd med å nå målet. Dei har rett på 17 dyr dette året og har skote 11. Då er det ein bukk att, men i tillegg kjem fem kalvar som dei enno ikkje har felt.

- Vi kjem truleg heller ikkje til å skyte kalvane, for det har vore få koller med kalv å se denne hausten, seier Myklebust.

- Kva med bestanden i ditt område?

- Generelt har det vore bra med hjort i vårt område også denne hausten, men eg forstår at det ikkje har vore like bra i alle vald.

Når det gjeld hjorten mellom oss og Rød, går han att og fram over Storhaug uansett kor mildt eller kaldt det er. Vi er med andre ord i ein noko annan situasjon enn andre i Uskedalen, påpeikar Myklebust.

Landets største hjortekommune Kvinnherad har om lag 8.000 hjort og det blir felt rundt 850 av ei kvote på rundt 1.000 i året.

Av Ola Matti Mathisen